



**POSTENS PENSJONISTFORBUND**  
**Postpensjonistane i Sunnhordland**  
Org.nr. 998 328 322

**INNKALLING TIL ÅRSMØTE FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND**

Styret har vedteke at Årsmøtet 2023 vert halde den 08.02.2023.

Stad: **SOLIDHUSET, Åsamyrvegen 45 ved Nysæter idrettsplass.**

Kjør til Sagvåg, vidare mot Fitjar. Etter rundkjøringa tar de fyrste avkjørsle til høgre, skilta med Nysæter kirke. Fylg vegen forbi skulen. Du får snart sjå fotballbanen til venstre. Kjør vidare rundt svingen og du får parkering og Solidhuset på venstre side.

Tid: **Kl. 14.30 onsdag 8. februar 2022**

Program:

1. Velkommen.
2. Matøkt med betasuppe, kaffi og kringle.
3. Innlegg av **Kjellaug K. Jota.**
4. Opning av Årsmøtet
5. Val av dirigent, skrivar og 2 stk. til å skriva under protokollen.
6. Godkjenning av innkalling
7. Godkjenning av saklista
8. Årsmelding, rekneskap og arbeidsplan for 2023.
9. Innkomne framlegg
10. Val
11. Avslutning

**Vi ber om at saker som ein ynskjer vi skal ta opp på Årsmøtet vert sendt til underteikna innan 20. januar 2022.**

**PÅMELDING**

**På grunn av servering må vi ha påmelding innan 31. januar. Meld dykk på til Eli Roseth Eik tlf. 957 86 228, bruk gjerne SMS.**

**STYRET YNSKJER ALLE MEDLEMER VELKOMNE TIL ÅRSMØTET! Vi håpar å møte mange av dykk der. Berre det at vi får besøk av Kjellaug Jota er verd turen. Ho er veldig kjekk å høyra på.**

Helsing Styret

v/ Eli Roseth Eik

PS! Det er nokre ledige plassar på fyrstehjelpkurset 18.1.23. Ta kontakt dersom du vil vera med.